

REFERAT FRÅ STYREMØTE 4. NOVEMBER

Tilstede: Mailin, Kristin, Hans Petter og Lidun

SAKLISTE:

Frå sist:

Sak: 81/08: Julebord

Julebordet blir på Vågen Fetevare laurdag 6. Desember kl 21. Vi tek med eigen mat, og betaler 2000 kr i leige. Alle må betale eiga drikke.

Ansvarlig: Kristin og Lidun. Kristin sender ut invitasjon innan ei veke.

Sak: 83/08: Møteplan.

10. 12. 2008 kl 18: styremøte.

Innkalling til årsmøtet må sendast ut umiddelbart etter dette møtet. Frist for å sende inn saker til årsmøtet blir sett til 1.1. 2009.

12.01.2009 kl 18: styremøte.

Vi set oppsakliste til årsmøtet.

22.1. 2009kl 18: Årsmøte

Lidun prøver å ordne ein forelesingssal til årsmøtet.

Sak: 84/08: Ny nestleiar

Jens Augestad vart vald til ny nestleiar ved loddtrekning.

Sak: 85/08: Dugnad. Jens og Oskar kallar inn til dugnad innan 14 dagar frå i dag.

Arbeidsoppgåver som må gjerast:

- bygging av nye kajakkstativ
- rydding
- smøring og ettersyn av kursutstyr
- explorer'en må ha ny clamcleat

- skooppheng til våtskoa
- refleksar på alle båtar og årer
- merking med svipenn
- telling av utstyr

Sak: 86/08: Sponsing/ samarbeidsavtale med næringslivet

Vi har forslag om å tilby ein pakke til bedrifter der medlemskap, kursing og kajakklagring inngår. Mange bedrifter har pottar til sosiale aktivitetar for sine tilsette.

Kanskje kan vi få støtte av Bergen kommune, byantikvaren, då vi brukar eit verna bygg utan å skade dette.

Styret stiller seg negativ til pakkeløysingar, men positivt til at våre instruktørar går ut og kontaktar bedriftene dei arbeider i eller har kontakter i og tilbyr kurs. Det nye styret kan vurdere å gå ut til bedrifter og tilby kurs. Å auke talet på kurs er ein fin måte å få opp inntektene på, samt at instruktørane våre får verdifull trening i å halde kurs.

Sak:87/08: Tur og sosialkomité

Vi må prøve å få til ein tur i månaden. Skal vi opprette ein komité eller ei ressursgruppe som tek seg av dette?

Jardar, Elin, Jorunn, Sverre, Tobias, Stefan, Willy Endre, Kelda blir spurde, og fleire må gjerne vere med. Lidun sender ut oppmodingsmail.

Sak 88/08: Samarbeid med padleklubb i utlandet

Exceter elveklubb har tatt kontakt om eit samarbeid. Elvegruppa ved Hans Petter får i oppdrag å diskutere om dei ønskjer å gå inn i eit samarbeid med denne klubben. Styret gir dei frie hender.

Sak 89/08: Bassengtrening

Vi får bruke bassenget på Orhaug tre gongar før jul og tre gongar etter. Nina vil ikkje ha økonomisk vederlag for dette, men vi tilbyr henne eit gratis kurs pr. sesong.

Sak 90/08: Kurs i rulleteknikk for instruktører.

Mike som har halde elvekurs for oss, tilbyr oss å halde eit kurs i rulleinstruksjon for instruktører. Harald orienterer om pris og tal på deltakarar.

Vi prøver å få til dette etter jul, og vi arrangerer kurset til kostpris. Kurset skal ikkje gå ut over dei vanlege bassengtreningane.

Sak 100/08 Bør vi vurdere utmelding frå BSI?

Bør vi førebue ei sak for årsmøtet om utmelding av BSI- systemet? Bakgrunnen for spørsmålet mitt er at vi får i dag i følge Hallvard 35 000 kroner i støtte frå BSI. Har vi andre fordelar av medlemskapet? På ulempeida har vi at vi er forplikta til å bruke eit økonomisystem som ikkje har fungert på to år.

Styret ønskjer å fortsette medlemskapet i BSI, men stiller seg kritisk til at BSI sitt økonomisystem enno ikkje fungerer. Vi kontaktar hovudstyret og pressar på om at dette no må på plass.

Sak 101/08: Påskjønning på julebordet

Mailin sender ei liste over kven som skal få påskjønningar av tirsdays- og torsdayspadleansvarlige.

Kristina, Jørn Ivar og dei andre som deltok på messa på Grieghallen, samt Jens og Ole fortentar også ei lita merksemd.

Sak 102/08: Veiledarkurs

Vi går bort med praksis om å sponse kurs for medlemmer mot at desse arbeider inn igjen beløpet. Denne praksisen er vanskelig å administrere.

Sak 103/08: Luksustur til Radøy.

Mailin sender ut mail om at vi treng nokon til å arrangere luksusturen til Radøy. Dersom ikkje to personar har meldt seg innan utgangen av veka til å arrangere turen, blir turen ikkje arrangert.